



Rossland skule
Skintveitvegen 11,
5917 Rossland

Tlf: 57174410
Heimeside: www.minskule.no/rossland
Epost: post.rossland.skule@meland.kommune.no

Rossland skule 29.02.2016

Informasjon om utviklingssamtalar og Visma Flyt skule.

I vår vil vurderingane til utviklingssamtalane for 1. til 7. klasse vere tilgjengeleg for ditt/dine born gjennom det skuleadministrative programmet Visma Flyt Skole. Vurderingane vil vere tilgjengelege kort tid før utviklingssamtalane, og skulen forventar at føresette har lese vurderingane før dei kjem på samtale.

Mange nyttar allereie føresettpålogginga i Visma Flyt Skole for å halde seg orientert om fråvær og merknader for sitt/sine born. Det er den same innlogginga for å sjå vurderingane.

Dei som tidlegare har aktivert brukarnamn kan framleis nytte dette til å logge inn. Alle andre føresette skal no logge inn gjennom ID-porten med mellom anna MinID eller BankID. Det er altså ikkje naudsynt å kontakte skulen dersom du manglar brukarnamn eller passord.

For å logge inn i Visma Flyt Skole går ein til denne nettadressa:
<https://skole.visma.com/meland>

Vel fana «ID-porten» og følg instruksjonane for å logge inn der.

Dersom vurderingane ser litt «rotete» ut på skjermbiletet ditt, så trykk på knappen «skriv ut». Då vil det opna seg ei pdf-fil som er lettare å lesa.

Som mange sikkert og har fått med seg, kan skulen no sende SMS til føresette gjennom Visma Flyt Skole. Ein kan ikkje svare på desse meldingane, men må ta kontakt direkte med skulen dersom det skulle vere noko.

For å vere sikker på at ein får all informasjon ein skal ha, er det viktig at ein tek kontakt med skulen dersom ein byter mobilnummer.

Med venleg helsing

Hogne Brunborg
rektor